



Fylkesmannen i Vetsland v/Eva Bendiksen
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/431 - 19/4442

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@lindas.kommune.no

25.02.2019

Søknad om deltaking i inkluderande barnehage- og skulemiljø, samlingsbasert tilbod, pulje 4

Viser til tilsendt infobrev vedkomande deltaking i pulje 4. Meland kommune vil hermed søkje om deltaking i prosjektet. Underteikna bistår Meland kommune i høve til saker på overordna nivå, knytt til grunnskule.

Meland kommune har 5 skular og 1 kommunal barnehage. Skulane og barnehagen våre ønskjer å vera med i det samlingsbaserte tilbodet. Kommunen har dei siste åra hatt sterkt fokus på læringsmiljø og har gjennom siste året sett ned ei prosjektgruppe som held på å utarbeide standard for god undervisning for nye Alver Kommune. Deltaking i prosjektet vil vera ei styrking i arbeidet for inkluderande barnehagar og skular.

For barnehagene og skulane har kommunen vald ut 3 kommunale satsingar. Dette er:

- Styrking av ordinær opplæring
- Trygt og godt miljø
- Realfagsatsinga
- Ny rammeplan/ læreplan

Kommunen har sterkt fokus på utvikling av utviklingsplanar, både 4-årige og for neste år som synleggjer kva tiltak som skal leggst til grunn for arbeidet vidare. Kommunen sine satsingar er forankra både i lærargruppa og rådmannsnivået. Pedagogisk psykologisk teneste er involvert og hjelper til med kompetansehevingane. For kommunen er det viktig å skape gode og robuste læringsmiljø som fremjer læring og trivsel og handterer krenkingar. Kommunen deltek i eit prosjekt saman med kommunane Radøy og Lindås som har som mål å skape betre læringsmiljø.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Meland kommune ser for seg at ein vil rekruttere inn ein prosjektressurs som kan vere med å forankre, støtte og drive kompetansehevinga både i barnehagane og skulane. Prosjektet må driftast med faste møtepunkt saman med barnehage- og skuleleiarane. Det må vere mellomarbeid avdelingane skal utføre mellom kvar samling. Målsetjingane for Inkluderanse barnehage og skulemiljø er i tråd med Lindås kommune sine lokale satsingar.

Vi ønskjer å delta inn med alle skulane og barnehagane våre og ber om at Meland får delta for alle leiarane i skulane og barnehagane. Kommunen ønskjer å sjå satsinga saman med Lindås og Radøy kommune si satsing på trygt og godt miljø i barnehage og skule.

Vi håpar på positivt svar.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Vetsland v/Eva
Bendiksen

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER